

**Pinseaftan (lørdag 10. mai) er det atter klart for låvedans på Dønhaug og det legendariske Stavangerensemblen er i aksjon saman med Terje Frigaard Bluesband, som startar og avsluttar kvelden.**

Stavangerensemblen stod på plakaten også i fjor, men måtte melda forfall på grunn av sjukdom.

Dette bandet var kanskje det mest populære i landet på 1980-talet og mange hugsar songar som "Kan'kje finna fingeren", "Ta ein kjangs" og "Ska det ver, så ska det ver".

Etter fråver i 16 år var det gjenforeningskonsert med stor suksess i Stavanger i 2001. Sidan har gruppa halde nokre få konsertar kvart år, men mange hevdar at dei er betre enn nokon gong før.